

Fra: Gunnfrid Eide <gunnfrid.eide@hotmail.com>
Sendt: 2. september 2014 11:12
Til: Solund Postmottak
Emne: Vedr. framlegg til ny ruteplan frå 01.05.2015

Til Solund kommune,
Hardbakke

Ferja Haldorsneset - Daløy:

1. Endre tirsdagsruta tilbake til same rutetidene som dei andre dagane, evt. med seinavgang kl.23.00 frå Daløy i tillegg.

Målet med ein ruteplan må vere å setje opp ei rute med mest mulig like avgangar kvar dag. Tirsdagar er blitt ein forvirringens dag etter endringane som vart gjort sist vinter. Folk misser ferja som denne dagen plutsleg går kl.12.15 frå Daløy og ikkje 12.30 som dei andre dagane. Avgangen som kvar dag er kl.14.00 frå Haldorsneset er no utsett til kl.14.25, noko som medfører at det ikkje går post frå Ytre Sula tirsdagar - heil uakseppabelt! Erstatninga for desse endringane skulle vere ei seinferje - som er sett til kl.22.00 frå Daløy. Få brukar denne, då den ikkje korresponderer med ferja til/frå Krakhella. Seinferje ein dag til i veka vil vi gjerne ha, men den må då gå kl.23.00, som er ei korresponderande ferje.

2. Ein tidlegare avgang søndagar.

Søndagar starta ferja altfor seint. Første avgang frå Daløy kl.11.15 er langt på dag - det bør arbeidast føre å få til ein avgang kl.9.05 frå Haldorsneset og kl.9.40 frå Daløy, som dei andre dagane.

3. Avgang frå Haldorsneset kl.16.50 og frå Daløy kl.17.10 laurdagar og søndagar, som dei andre dagane.

Det er ofte arrangement/konsertar etc. på ettermiddagstid på Hardbakke i helgane, og då er desse avgangane sakna. Søndagar kunne dessutan elevar som skal tilbake til vidaregåande skular fått vore heime 1 time lenger, i staden for lang ventetid på Hardbakke når dei skal vidare med bussen.

Ferja Krakhella - Rutledal:

Ein avgang til frå Rutledal mellom kl.13.00 og kl.16.50.

Rekk ein ikkje ferja frå Rutledal kl.13.00, er det veldig lenge å vente til neste avgang kl.16.50. Ein avgang til mellom desse tidene hadde også avlasta 16.50-ferja - her er det ofte for liten kapasitet, særleg i helgane.

Vonar desse framlegga vert vurderte når ny ruteplan skal setjast opp.

Kolgrov 02.09.14,
Gunnfrid Eide